


**20**  
APRIL



## LÅTSKRIVINGSKURS MED HANS MARTIN R. AUSTESTAD

**Trykkeriet 20. april  
10.00-16.30**

Bli med på låtskrivingskurs med Hans Martin Rundberg Austestad!

Hans Martin er fødd i 1983, og er ein superallsidig musikkprodusent som er rå på alt som har med plateproduksjon å gjere! Han kan syngje, spelar ein haug med instrument på høgt nivå, og har dreisen på komposisjon og produksjon. Utdanna innan jazz, pop, rock og folkemusikk, og han har til og med ein mastergrad i låtskriving.

Med meir enn 50 album på diskografien, musikk til TV og radio, og opptredener, har han også plukka opp erfaring med prosjektleiing, fotografi, filmredigering. Han har til og med designa sin eigen capslogo. Han er veldig glad i DIY prosjekt, og å lære om nye ting som han kan putte inn i prosjektene sine.

Hvis du er interessert i låtskriving og musikk, anbefalar me at du kjem på kurs og blir med på denne låtskrivingsdagen med Hans Martin. Målet med kurset er at du får gode verktøy til å skrive dine eigne låtar, og kanskje får kurset deg i gang med det som kan bli til din eigen hitlåt? Kom på kurset, og lær frå ein som har skrive hundrevis av låtar.

<https://www.banjohans.com/>

Påmelding til din kulturskulelærar innan 6. april.

Kurset er gratis, og er for ungdomskulelevar og eldre.